

## Merknadsvurdering oppstart rullering av kommuneplanen sin arealdel

Versjon 13.06.2019

Versjon 18.08.2019

## Merknadar offentleg mynde

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
03.03.2017	Kystverket	<p>Klima og miljø Stranda kommune med Storfjorden/Geirangerfjorden tek årleg imot ein stor del av dei største cruiseskipa i verden, talet besøkande skip er stort, og aukande. Mange fritidsbåtar, ferje, hurtigbåt og cruisetraffikk er krevjande for det lokale hamnevesenet som har ansvaret for dagleg drift med liggjeplass til ankers på fjord, ferjekai, kaiplass med/utan straum, flytande anlegg og samtidig sjøtrafikk mellom.</p> <p>Søknad etter havne- og farevannsloven (hfl) Alle tiltak/bygge-/anleggsarbeid i sjø krev behandling etter havne og farevannsloven, i tillegg til pbl, uavhengig planstatus. Både Kystverket og kommune er forvaltningsmynde og har ansvar i samband med sjø og sjønære tiltak. Kommunen bør opplyse om søknadsplikten etter hfl i planføresegnene. Det blir rådd til at arealdelen utarbeidast på kartbase sydd saman av både sjø- og landkart.</p> <p>Kystforvaltning Sjøorienterte erversareal avsett i arealplanar bør primært prioriterast for verksemder som har behov for lokalisering ved sjø. Konkrete føringar for arealbruken ved sjø bør gå fram av plandokumenta.</p> <p>Sjøtransport og hamner Det er viktig at kommunen i planarbeidet synleggjer heilskapen i sjøtransporten (fiske, fritids, hurtigbåtar, ferje, forbåtar, hurtigrute, lasteskip, cruiseskip) med utfordringar og moglegheiter dette gjev kommunen. Areal for sjøtrafikk femnar om nødvendige hamneareal på land, kai, bak areal, fortøyingsanordningar på land, terminalar, lager, farlei, generell ferdsel, ankringsplassar og hamne-/manøvreringsareal i sjø. Det er tilstrekkeleg å framstille senterfarlei, der sjøarealet elles har arealkategori ferdsel eller i kombinasjon med andre kategoriar (NFFF og NFFFA - natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur). Dersom kommunen ønskjer å nytte rein akvakultur må det gå klart fram av føresegnene om det gjeld berre overflate anlegg eller om fortøying/forankringsanlegg også omfattast av formålet. Reine A-formål må setjast av i avstand frå lyssektorar for sikker navigasjon/segling. Reine A-formål er ikkje foreinleg med ankring og skal ikkje nyttast der det er ankringsplassar. I arealplanen er det viktig at moglegheitene for ankring sikrast i arealplanen til ferdsel, med føresegner som hindrar andre permanente installasjonar på overflate, i vassvolum og på sjøbotnen.</p>	<p>Blir opplyst i planomtalen og lagt inn i føresegnene.</p> <p>Teke til vitande. Meste av sjønært utbyggingsareal er avklart/under avklaring i områdeplanar som arealdelen ikkje endrar.</p> <p>Sjøareala blir sett av med kombinasjonsformål NFFF (natur, ferdsel, fiske, friluftsliv) og NFFFA (natur, ferdsel, fiske, friluftsliv, akvakultur).</p> <p>Senter farlei blir lagt inn i plankartet.</p> <p>Akvakultur blir synt med NFFFA formål, ikkje som reine akvakulturformål. Det blir lagt opp til at fortøying av akvakulturanlegg kan gå utover NFFFA-formålet, med vilkår om at fortøyinga må liggje minst 15 m under havoverflata utanfor NFFFA.</p> <p><b>Blir lagt inn i føresegnene.</b></p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
03.03.2017	Kystverket	<p>Behov for strandsetting kan oppstå, areal med jamt stigande laus sjøbotn bør ikkje byggjast ut, men sikrast for strandsetting.</p> <p>Hammesikring Kystverket er utøvande mynde i arbeidet med sikring og terrorberedskap i norske hamner. For støtte sikringskrava er det viktig at det kommande planarbeidet ikkje gjennomfører tiltak som gjer dette vanskeleg.</p> <p>Beredskapsomsyn og ankringsplassar Bruk av risiko og sårbarheitsanalyser i planlegginga er viktig med tanke på transport langs kysten med forureina last og oljeprodukt, tryggleik og sårbarheit for næringsinteresser. Det er avgjerande å ha gode oppankringsmoglegheiter for fartøy langs kysten. Skredfare med varslingsystem, risikobilete for sjøhavari, påkøyringsfarar til sjønære bygningsformål vil vere naturleg å vurdere. I kommunar med få flate strandsoner er der viktig at moglegheit for strandsetting er klarlagt. Synleggjering i plankart eller tilleggsdokument kan vere godt reiskap. Minner om at nye kaier for større fartøy skal konsekvensutgreiast.</p>	<p>Blir vurdert. Utfordrande å finne eigna stadar på grunn av utbygging og terreng.</p> <p>Arealdelen vil ikkje endre eksisterande hamne.</p> <p>Det blir ikkje lagt inn nye hamner for større fartøy i planen.</p>
15.03.2017	Direktoratet for mineralforvaltning	<p>I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging blir det forventa at det blir sikra tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre interesser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i regional samanheng. DMF ber kommunen vurdere om mineralressursar bør takast inn som tema i konsekvensutgreinga.</p>	<p>Det er nyleg regulert areal til masseuttak ved Stranda, det blir lagt inn området som har vore nytta til masseuttak i Geiranger. Det blir lagt opp til fleire tunnelar i planen. Behovet for bygningsmasse blir stetta i planperioden.</p>
20.03.2017	Fiskeridirektoratet	<p>Sidan kommunen ikkje tek med sjøområda, men berre landområda, vil kommentarar til planarbeidet for arealdelen hovudsakleg vere avgrensa til dette.</p> <p>Generelt vil ei reell interesseavveging og god avklaring av konflikhtar i høve framtidig arealbruk gjere arealplanen betre eigna som styringsverktøy. Ei vurdering av eksisterande areal og eventuelle nye areal sett i lys av dagen situasjons og kunnskap vil vere nødvendig.</p> <p>Kommunen må sjå samanheng mellom bruk av land og sjå i alt kommuneplanarbeid. Dette vil redusere konflikt i sjø og sjønære område, og gje meir føreseieleg utvikling. Ofte vil bu og hytteområde nær sjøen generere behov for å nytte sjøareal til blant anna avløp, vassforsyning, småbåthamn og marinaanlegg. Der slike tiltak kjem i eller i nærleiken av viktige område for fiskeri, havbruk eller marint biologisk mangfald, kan dette medføre auka konfliktpotensial.</p> <p>Ved rullering av arealdelen blir det føresett at kommunen gjer ei vurdering av kjente opplysningar når det gjeld fiskeri- og havbruksinteressene, for at man i framtida unngå interessekonflikhtar mellom fiskeri- og havbruksinteressene og til dømes turisme, fritidsbusetnad, kommunale avløp eller andre nærings- og utbyggingsformål i strand- og kystzone.</p> <p>Fiskeridirektoratet sitt elektroniske kartverktøy med geografisk informasjon om fiskeridata og akvakulturlokalitetar finns på Fiskeridirektoratet si heimeside, med nedlasting moglegheit. I tillegg kan Fiskeridirektoratet hjelpe til med ytterlegare data og informasjon dersom ønskeleg. I Naturbase finst det i tillegg til registreringar på land, viktige område i overgangen mellom sjø og land.</p>	<p>Det er sendt tilbakemelding om at sjødelen er med i arealplanen, bedd om ny fråsegn for sjødelen.</p> <p>Arealbruken i sjø og sjønære område blir sett i samanheng.</p> <p>Kjente opplysningar om fiskeri- og havbruksinteresser blir vurdert i høve anna arealbruk.</p> <p>Det er lasta ned geografisk data for fiskeri og havbruk som er nytta i plankartet.</p> <p>Det er etterspurt ytterlegare data og informasjon.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
20.03.2017	Fiskeridirektoratet	<p>Natur og miljø</p> <p>Kystsona er svært verdifull og attraktiv for rekreasjon og næringsverksemd, men er samtidig veldig sårbar. Føresetnad for kystsona sin verdi er at den er rein, levande og mangfaldig. Grundig planlegging er ei føresetnad for at menneskeleg aktivitet i så liten grad som mogleg skal påverke kystsona og livet i sjøen negativt. Dette er spesielt viktig ved planlegging av hytte- og bustadtomter på land knytt til sjø, småbåthamner, hamneanlegg, industriområde og avløpsnett. Kommunen har ansvar for å ta vare på viktige naturressursar, naturtypar og artar. Regjeringa har utarbeidd eit dokument om nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga, og inngår som ein formell del av plansystemet, med målsetting at i all planlegging skal naturgrunnlaget og biologisk mangfald sikrast og takast vare på for kommande generasjonar. Kartlegging av inngrepsfrie naturområde i Noreg, registreringar i Naturbase og Fiskeridirektoratet sine kystnære fiskeridata er gode kjelder som kan leggjast til grunn for vurderingane. Viktige naturtypar for marint biologisk mangfald inkluderer blant anna ålegrassenger og andre undervassenger. I Stranda kommune er det to registreringar av ålegrassenger, Bugen og Korsbrekke. Slike treng ofte spesiell merksemd og beskyttelse. Viktige naturtypar bør beskyttast mot inngrep, til dømes bør lokalisering og utvikling av offentleg infrastruktur, industri, næring, småbåthamner vere ein sentral del av ein strategi for å beskytte og bruk av strandsona og sjøområda. Alle planlagde inngrep eller aktivitetar som kan påverke livet i sjøen må lokaliserast der dei gjer minst skade på miljøet, for til dømes å hindre skader på sjeldne eller særlege verdifulle naturtypar.</p> <p>Småbåthamn</p> <p>Alle kystkommunar bør ha ein strategi for lokalisering og utbygging av småbåthamner. Det er ønskeleg at småbåthamner blir plassert der dei forårsakar minst negativ påverknad på miljøet og at plassane blir samla på færre, større anlegg, framfor å belaste mange område. I tillegg til fysisk inngrep i naturen (mudring, anlegging av bølgedempingar, bygging av molo m.m.) fører småbåthamner til auka belastning på miljøet som følgje av utslepp av drivstoff, olje og miljøgift frå båtane både medan dei ligg på sjøen og i samband med vedlikehald ved utsetting og opptak. Kommunen bør stille strenge og klare krav til tiltak for å redusere den negative miljømessige påverknaden frå småbåthamner. Følgande framlegg til vilkår for nyetablering og utviding av hamne, og vurdering for alle større eksisterande anlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Båthamner med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområde skal vere utstyrt med oljeskiller. Dette vil redusere forureining frå land til sjø vesentleg.</li> <li>• Det blir lagt til rette for kjeldesortering av avfall i småbåthamnene, og miljøfarleg avfall (batteri, olje, lakk og andre kjemiske produkt) skal takast hand om på forsvarleg måte.</li> <li>• Brygge anlegg og bølgeanlegg bør utformast og plasserast med tanke på å oppretthalde tilstrekkeleg vassgjennomstrøming for å oppretthalde god vasskvalitet</li> </ul>	<p>Det blir ikkje lagt opp til ny større utbygging i strandsona eller strandnære areal.</p> <p>Viktige marine naturtypar blir lagt med omsynssone naturmiljø.</p> <p>Krav til småbåthamn blir teke inn i føresegnene for nye og utviding av eksisterande.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
22.03.2017	Møre og Romsdal fylkeskommune	<p><b>Automatisk freda kulturminne</b> Stranda kommune har mange automatiske freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid som ligg godt til rette for tilrettelegging og formidling, til dømes gravhaugane ved Unionen hotell i Geiranger. For arealdelen vil det vere viktig at prioriterte kulturminne og kulturmiljø vert tydleg merka/synt i temakart, og at jamfør konsekvensutgreiinga i størst mogleg grad unngår konflikt med andre interesser. Automatisk freda kulturminne inkludert sikringssone på fem meter skal sikrast med omsynssone D (H730) med tilhøyrande føresegn. Kulturmiljø av nasjonal og regional interesse skal merkast med omsynssone C (H570) med tilhøyrande retningsline. Omsynssone C kan også nyttast for område med særleg høgt potensial for arkeologiske funn. Det vil bli gjennomført romleg avgrensing av kulturminne med nasjonal og regional verdi (regional delplan). Automatisk freda kulturminne er ikkje frigjevne sjølv om kommuneplanen legg opp til anna bruk. Dette gjeld også automatisk freda kulturminne som blir registrert ved framtidige registreringar. Kommuneplanen er ein overordna plan, ein del konflikter kan vere nødvendig å avklare gjennom regulering. Krav om regulering kan vere avbøtande tiltak der funnspotensial er kjent.</p> <p><b>Samferdsel</b> Det er mykje gjennomgangstrafikk og ferjekai ligg i Stranda sentrum, kommunen må tenkje heilskap mellom kollektivtrafikk, ferje, stadleg trafikk, gjennomgangstrafikk og mjuke trafikantar. Det kan vere tenleg å ha tankar om kollektivsatsing/-struktur og parkeringspolitikk i arealdelen, til dømes regulering av parkering i Geiranger.</p> <p><b>Reiseliv</b> Strandafjellet, Geiranger, Geirangerfjorden og verdsarvstatus er svært viktig i reiselivssamanheng. Området er ikonisk i reiselivssamanheng både nasjonalt og internasjonalt. Det er viktig at næringa blir via merksemd i arealdelen. Viktig er infrastrukturen, heilårsveg frå austlandet, oppgradering av Strynefjellsvegen med tunnelarm til Geiranger, og rassikring mellom Geiranger – Eidsdal. Sikker tilkome til Geiranger heile året er svært viktig for næringsaktørane og dei som bur der. Det er utarbeidd ein cruisestrategi for Vestlandet og det skal no utarbeidast handlingsplanar.</p> <p><b>Barn og unge</b> Planframlegg til offentleg ettersyn skal innehalde tekst som klargjer tilhøve som gjeld barn og unge. Planomtalen med konsekvensutgreiing er staden for det.</p> <p><b>Universell utforming</b> Universell utforming er eit viktig prinsipp, eit samfunn utforma etter det vil gje gode moglegheiter til utvikling og utfolding for alle. Universell utforming bør vere eit gjennomgripande prinsipp i alle kommunale planar og satsingsområde.</p>	<p>Automatisk freda kulturminne blir sett av med omsynssone D med tilhøyrande føresegn. Kulturmiljø blir merka med omsynssone C med retningsline. Det blir utarbeidd temakart for kulturminna som blir teke inn i plankartet.</p> <p>Det skal leggjast til rette for samanhengande gang- og sykkelvegar langs viktige strekningar. Det er starta opp arbeid med trafikktryggingssplan.</p> <p>Det blir lagt inn ny veg til Strynefjellet frå Geiranger, og del av eksisterande fv. 63 .</p> <p>Tilhøve til barn og unge blir omtalt i eige kapittel i planomtalen.</p> <p>Det blir sett krav om tilgjengelege bustadar og universell utforming av uteareal/offentlege bygg.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
22.03.2017	Møre og Romsdal fylkeskommune	<p>Vassforvaltning Kommunen har ei nøkkelrolle innanfor arbeidet med vassforskrifta som styresmakt innanfor planlegging, avløp, landbruk og meir. Det er ønskeleg at dette vert nemnt, samt ei oversikt over kva for vassfaglege område kommunen har ansvar for og kva utfordringar ein har knytt til miljøstanden i vassførekomst i vatn, vassdrag og i sjø. Det er framlegg om å tilbakeføre Strandaelva til gammalt elveløp i sentrum, for å forbetre elveøkologien og som klimatilpassingstiltak.</p> <p>Tettstadsutvikling Følgjande råd til arealdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen må sikre utjamning av bustadtypar i høve endringar i familiestruktur, styrke bygging av mindre leilegheiter i kommunesenteret</li> <li>• Ha fokus på arealbruken og estetikk i sentrum</li> <li>• Sette av nok framtidig areal til framtidig handel i kommunesenteret</li> <li>• Viktig at kommunale utbyggingstiltak blir sett i samanheng slik at ein sikrar god nærleik mellom offentleg og privat service. Dette vil redusere behov for parkering og biltransport og framtidige kommunale driftskostnader</li> </ul> <p>Planfagleg vurdering Fylkeskommunen stiller seg til disposisjon for planfagleg rettleiing for sitt ansvar. Oppfordrar til å melde inn planarbeidet til regional planforum for møte før offentleg ettersyn.</p>	<p>Blir omtalt i planomtalen.</p> <p>Blir teke til vitande. Mykje av dette er avklart i områdeplanen for Stranda sentrum.</p> <p>Det blir lagt opp til gjennomgang av plandokumenta i regionalt planforum før offentleg ettersyn.</p>
23.03.2017	ÅRIM	<p>ÅRIM arbeider med å få godt opplegg for renovasjon og slamtømming, som er viktig for alle i samfunnet for miljø, branntryggleik og smittefare. På sikt vil renovasjon truleg løysast med bruk av returpunkt, spesielt der det er vanskeleg for renovasjonskøyretøy å kome fram. Det er ønskeleg at det vert sett av areal til returpunkt der slike løysingar er ønskeleg. Det må vurderast felles løysingar for nye og eksisterande bustadar, til dømes returpunkt. Kommunen har plikt til å sette av areal og syte for tømning av bubilar og fritidsfartøy, dette bør løysast i kombinasjon med av vatning av slam og ekstra- og naudtømming av separate avlaupsanlegg. Det blir rekna med at kravet om renovasjonsteknisk planlegging vert teke med i dei planane det er naturleg.</p>	<p>Det blir vurdert behov for returpunkt.</p> <p>Det blir sett av areal til tømning av bubilar.</p> <p>I føresegnene blir det sett krav om renovasjonsteknisk planlegging ved regulering.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
29.03.2017	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<p>Biologisk mangfald</p> <p>Arealinngrep og arealbruk er den viktigaste negative påverknaden for natur i Noreg. Mange arealendringar som kvar for seg har små verknadar, kan til saman redusere naturmangfaldet vesentleg og føre til fleire artar og naturtypar blir truga. Kommunane har ansvar for bevaring av biologisk mangfald gjennom god planlegging, det er difor viktig med godt kunnskapsgrunnlag. Det blir rådd til å oppdatere kunnskapsgrunnlaget spesielt for nye utbyggingsområde. Viktige nasjonale arealpolitiske føringar:</p> <p>Ta vare på område og korridorar som er viktige</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Biologisk mangfald</li> <li>• Vilt</li> <li>• Landskapsopplevingar</li> <li>• Friluftsliv</li> </ul> <p>Ulike lover, konvensjonar, stortingsmeldingar og rikspolitiske retningslinjer utdjupar emna nemnt ovanfor:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vassdraga skal forvaltast gjennom heilskapleg politikk som sikrar vassdragslandskap, vassdragsbelte, vassressursar og leveområde for ferskvassfisk</li> <li>• Sikring av større samanhengande område med høg landskaps- og opplevingskvalitet</li> <li>• Miljøkvalitetar i landskapet skal bevarast og styrkast gjennom auka kunnskap om verdiar, bevisst planlegging og arealpolitikk</li> <li>• Fritidsbusetnad skal lokaliserast og utformast ved vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk</li> <li>• Sikring av inngrepsfrie samanhengande strandområde som eit natur- og friluftsområde som er tilgjengeleg for alle</li> <li>• Ta vare på biologisk mangfald (artar, nøkkelbiotopar, sjeldan og kravfulle vegetasjonstypar, utvalde naturtypar)</li> <li>• Sikre inngrepsfrie naturområde av ein viss storleik som eit grunnlag for å drive tradisjonelle friluftaktivitetar</li> <li>• Sikre grønne lungar i nærmiljøet</li> <li>• Vurdere tiltak for å redusere eller fjerne gamle inngrep som ikkje har nokon funksjon, til dømes leplantingar</li> </ul> <p>Det blir rådd til at punkta blir innarbeidd i kommuneplanen og at kommunen knyter retningslinjer til alle områda som er viktige for det biologiske mangfaldet.</p> <p>Strandsona</p> <p>Byggjeforbodet i 100-meterbeltet gjeld for heile landet. Strandsona blir framheva som eit viktig tema kommunen skal ta stilling til i arealplanarbeidet. Kommunen må vurdere arealbruken i strandsona langs sjøen og langs vassdrag i eit heilskapleg perspektiv med særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.</p> <p>Det er ønskeleg at differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen må liggje til grunn for planarbeidet. Kommunen skal i kommuneplanen vurdere behovet for utvikling av eksisterande arealbruk, og behovet for tilpassing av eventuell ny utbygging. Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen må liggje til grunn for planarbeidet. Det må vurderast om tidlegare vedtekne, men ikkje utbygde område for utbygging i strandsona skal oppretthaldast eller takast ut av kommuneplanen. Krav i pbl § 1-8 og statlege planretningslinjene skal leggjast til grunn.</p>	<p>Fråsegn til biologisk mangfald blir teke til vitande og blir vurdert/innarbeidd i plandokumenta.</p> <p>Arealbruken i strandsona blir vurdert for både ny og eksisterande ikkje utbygde utbyggingsområde.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
29.03.2017	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<p>Ein kan med fordel gjere greie for kor mykje som er att av tilgjengeleg ubygd strandsone(topografi, direkte eller indirekte privatisering, identifisering av område med utbyggingspress)</p> <p>Det blir synt til byggjeforbodet i 100 metersbeltet langs sjøen vil gjelde for byggjeområde sett av i tidlegare vedtekne planar dersom det ikkje er fastsett byggjegrænse mot sjø.</p> <p>Det blir rådd til at det blir fastsett føresegnar om storleik og utforming av naust. Fylkesmannen fokuserer på tilhøve som er viktige for å sikre at naust vert nytta som uthus, ikkje som fritidsbustad/bustad, jamfør Fylkesmannen sine naust råd, sendt i brev av 07.12.2015.</p> <p>Støy</p> <p>Kartfesting av støysoner rundt viktige støykjelder er ein viktig del av kommuneplanlegginga. Som minimum skal støysoner rundt sterkt trafikkerte vegar synleggjerast. Dette går fram av MD Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 med tilhøyrande rettleiar, som skal liggje til grunn for all arealplanlegging og utbygging. Hovudføremålet med retningslinja er å leggje til rette for ei langsiktig arealdisponering som førebyggjer støyproblem, samt ta vare på stille og lite støypåverka natur- og friluftsområde. Skal ein førebyggje støyproblem er det viktig tidleg i planlegginga å vurdere tiltak er eign i høve støy. Det er gjort endringar i retningslinja som gjeld tilrådd støynivå for skytebaner.</p> <p>Klima og energi- by- og stadutvikling</p> <p>Kommunal planlegging er viktig for å avgrense energibruk og klimagassutslepp. Alle avgjerder om lokalisering og utforming av næringsverksemd, bustadar, infrastruktur og tenester vil ha verknad på energiforbruk og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til eit lågutslepp samfunn må ein leggje stor vekt på effektiv arealbruk og på å samordne arealbruken og transportsystemet. Syner til planretningslinjer for samordnet bustad-, areal og transportplanlegging. Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter gjev klare føringar for kva som kan etablerast av detaljhandel utanfor definerte sentra. Detaljhandel må klargjerast i kommuneplanen.</p> <p>Fylkesmannen er nøgd med i planprogrammet er nemnt at nye bustadområde skal vere knytt opp mot kollektivtrasear og eksisterande utbyggingsområde, og at fortetting er ei prioritert oppgåve. Det skal også leggjast til rette for gang- og sykkelveggar. FM ber om at kommunen har eit særleg fokus på om det er samanhengande gang- og sykkelveggar frå bustadområda i kommunen til viktig infrastruktur som skule og barnehage, arbeidsplassar, handel, fritidsaktivitetar m.m.</p> <p>Kommunen må også ha kunnskap om kva dei ulike økosystema har å seie for klimatilpassing. Natur som våtmark, myr, elvebreidder og skog kan dempe effektane av klimaendringar og er viktig å ta vare på i arealplanlegginga.</p> <p>Landbruk</p> <p>Stranda er ein viktig landbrukskommune i Møre og Romsdal. Noreg har lite landbruksareal samanlikna med mange andre land. For å sikre matproduksjonen er det viktig med eit sterkt jordvern. Det blir synt til Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven, Jordvernstrategien for Møre og Romsdal, Velkomen til bords og regjeringa Solberg si regjeringserklæring.</p>	<p>Det blir lagt inn byggjegrænse mot sjø og vassdrag for utbyggingsområde.</p> <p>Det blir fastsett føresegnar om storleik og utforming av naust, delvis i samsvar med tilråding frå Fylkesmannen sine naustråd, avvik gjeld storleik.</p> <p>Støysoner frå veg og skytebaner blir lagt inn i plankartet.</p> <p>I hovudsak vil nye utbyggingsområde bli lagt inntil eksisterande utbyggingsområde. Detaljhandel blir avklart i plandokumenta.</p> <p>Det vil vere fokus på å få til samanhengande gang- og sykkelveggar og snarveggar.</p> <p>Det blir lagt opp til å ikkje nytte dyrka eller dyrkbar jord til utbyggingsformål utan at det er til stor samfunnsnytte.</p>



Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
29.03.2017	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<p>Dersom kommunen ønskjer å nytte dyrka og dyrkbar mark til andre føremål, må det som del av KU gjerast dokumentasjon på dei areala som er ønska omdisponert. Det er ønskeleg med ei landbruksfagleg utgreiing som klargjer eigedoms- og arronderingsmessige konsekvensar, driftsmessige ulemper, konsekvensane for kulturlandskapet og kommunen sitt langsiktige utbyggings mønster. Tal på dekar dyrka- og dyrkbar mark som vert føreslått til andre føremål må gå fram av KU både på kvart einskild tiltak og samla for heile planen. Det er ønskeleg med gode illustrasjonar, bilete, skisser for å synleggjere arealet, samt gnr./bnr. Utgreiing av alternative lokaliseringar er særskilt viktig i kommuneplanssamanheng, særleg der nye større utbyggingsområde vert lagt ut og der konflikt med jordvernet er stort. Før det blir vurdert å ta areal av dyrka og dyrkbar mark til andre føremål, må fortettingspotensialet i alt omdisponerte område til ulike føremål dokumenterast.</p> <p>Det blir forventast at det i planarbeidet vert fokus på arealrekneskap som er i samsvar med realistisk befolkningsutvikling i kommunen og behovet for nye bustadareal, samstundes vektleggjing av fortetting av eksisterande bustadområde, for å hindre nedbygging av god matjord. Det er vidare eit ønske at viktige landbruksareal vert sett av som omsynssone landbruk i plankartet, med eigna føresegn. Dette for gardsbruka som framleis med aktiv jordbruk skal få føreseielege rammevilkår til å satse og vidareutvikle næringa. Målet er ein langsiktig kommuneplan som tek omsyn til både landbruket og andre samfunnsinteresser.</p> <p>Samfunnstryggleik</p> <p>Kommunen bør i forkant av arealplanlegginga vere kjent med om det ligg føre risiko- og sårbarheitsforhold som kan ha følgjer for arealbruken. Det skal difor utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsanalyse som skal leggjast til grunn for arealplanlegginga. Det blir rådd til at kommunen utarbeidar ei ROS-analyse på oversiktsnivå for heile kommunen sitt areal, og nyttar analysen som eit grunnlagsdokument før ein startar arealplanlegginga. Det kjem klart fram av pbl at kravet til ROS-analyse gjeld heile planområdet. Målet er å vurdere om uønskete hendingar kan ha innverknad på både eksisterande og framtidige arealbruk. Til dømes er det aktuelt å vurdere om alt regulerte område er utsett for verksemds-/naturrisiko, eller bør vurderast på nytt på grunn av klimaendringar. Klimaprofil – Møre og Romsdal vil gje gode innspel til relevante tema i ROS-analysen.</p> <p>På bakgrunn av ROS-analysen skal kommunen stille krav til planar og planlegging på detaljnivå, og krav til vidare analyser og utgreiingar for å sikre at samfunnstryggleik blir teke vare på i planlegginga. God utnytting av ROS-analysen ved framtidig arealplanlegging blir sikra dersom avdekt risiko og sårbarheit blir kartfesta. Kartlegging av risiko og sårbarheit gjev god oversikt og gjer at fleire faktorar kan sjåast i samanheng. Direktorat for samfunnstryggleik og beredskap har utarbeidd rettleiarar.</p> <p>Standa kommune har ei spesiell utfordring med store fjellskred og påfølgjande flodbølger i Storfjorden. Dette er risiko som påverkar arealplanlegginga i dei område som vert råka av flodbølger. I enkelte flodbølgjeutsette område i kommunen er det naudsynt å nytte § 7-4 i byggtknisk forskrift. Det blir rådd til at kommunen nyttar kommuneplanen sin arealdel til å avklare utbygging i flodbølgjeutsette område.</p> <p>Avklaring av utbygging i flodbølgjeutsette område gjennom TEK17 §7-4 er krevjande arbeid, både for planprosessen og at planen skal fungere i mange år framover. Det blir viktig at avklaringar av tiltak som kan tillatast i flodbølgjeutsette område i kommunen ikkje blir for rigide med tanke på mogleg samfunnsutvikling dei kommande åra. Stranda kommune har erfaring med dette i samband med fleire områdeplanar i flodbølgjeutsette område.</p>	<p>Det blir utarbeidd oversikt over omdisponering av areal, delt inn etter om det er dyrka, dyrkbar og anna areal.</p> <p>Det blir utarbeidd arealrekneskap for utbyggingsareal som ikkje er bygd og nytt utbyggingsareal i denne planen.</p> <p>Viktige landbruksareal/kulturlandskap blir sett av med omsynssone landbruk.</p> <p>Det blir utarbeidd ROS-analyse for heile kommunen.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
29.03.2017	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<p>Barn og unge                      Det vert rådd til å synleggjere eksisterande kvartalsleikeplassar i kart, som vil gje betre oversikt og sikre tilstrekkeleg tilgang til ulike typar leikeareal rundt om i kommunen. Kartet kan utformast som temakart, og syne andre viktige grønt og friluftsområde.                      Det blir føresett at barn og unge blir godt teke vare i planen. Mange kommunar har lagt inn konkrete føresegner knytt til leikeplassar i arealdelen, i tråd med rikspolitisk retningsline for barn og unge i planleggingen. FM kan bidra med døme frå ulike kommunar. Ved offentlig ettersyn vil ei slik manglande konkretisering vere grunnlag for motsegn.</p> <p>Føresegner                      Minner om det å skilje mellom juridisk bindande føresegner og retningslinjer til planen. Føresegner må vere konkrete og eintydige, krav som vert stilt skal vere absolutte og ikkje skjønsmessige. Det er ikkje høve til å gje føresegner knytt til sakshandsaming, planprosess eller dispensasjon. Dersom tenleg kan dette takast inn som retningsline eller i planomtalen.</p>	<p>For nye utbyggingsområde blir det sett av areal til kvartalsleikeplassar. Utforming, storleik, plassering må avklarast i samband med regulering. Det blir lagt inn konkrete føresegner til leikeplassar.</p> <p>Teke til vitande.</p>
05.04.2017	NVE	<p>Samfunnstryggleik                      Krav til tryggleik for byggverk og tilhøyrande uteareal mot naturpåkjenningar er gjeve i byggteknisk forskrift TEK 10 (no TEK17). Krav gjeld for nye byggverk eller ved utvidingar/fornyng av eksisterande bygg. Ei utgreiing om naturfare og innarbeiding av fareomsyn i arealplanar skal som hovudregel difor også femne om eksisterande busetnad. Når aktuelle område for ny busetnad, fortetting eller fornyng er utsett for naturfare, skal dei fareutsette områda markerast med omsynssone. Til omsynssona skal det i nødvendig grad gjevast føresegn som avgrensar eller set vilkår for arealbruken. Det er også tilrådd å markere fareutsette område i LNF-områda som omsynssoner, då dette vil vere eit verkemiddel for å ta vare på tryggleiken i byggjesaker og dispensasjonssaker.</p> <p>Store delar av Stranda kommune er dekt av NGI sine aktsemdskart for snø- og steinskred, det blir tilrådd å nytte NGI sine aktsemdskart der dei er utarbeidd. NGI karta må kombinerast med aktsemdskart for jord og flaumskred der aktsemdskarta for jord og flaumskred har større utbreiing enn NGI-karta. For resten av kommunen kan dei landsdekkande snøskredkarta nyttast. For område med der faresone for skred er utarbeidd kan desse nyttast til avgrensing av omsynssone.</p> <p>Stranda kommune ligg innanfor oppskyllingssona frå eit eventuelt skred frå Åkneset. Innanfor flodbølgjeutsett område kan det ikkje byggjast med mindre det skjer i samsvar med TEK10 (17) §§ 7-3 og 7-4. Det må i planarbeidet gjerast vurdering av flodbølgjefaren. Oppskyllingssona frå flodbølgja bør innarbeidast i planen og synast som omsynssone, med tilhøyrande føresegn som sikrar akseptabel tryggleik.</p>	<p>NGI-sine aktsemdskart blir lagt inn i plankartet med føresegn, kombinert med aktsemdskart for jord og flaumskred og område der faresone for skred er utarbeidd.</p> <p>Oppskyllingssona blir lagt inn som omsynssone med føresegn.</p>

	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
05.04.2017	NVE	<p>Areal langs elvar og bekkar som kan vere utsette for flaum eller erosjon må merkast i plankartet som omsynssoner med krav om nærare vurdering i alle plan- og byggjesaker. Langs bekkar og mindre elvar bør det minimum vere ei byggjegrænse på 20 m for å redusere fare for flaum og erosjon. Flate elvesletter, og område kring kritiske punkt som kan bli fløymd over, bør også merkast med omsynssone for flaum.</p> <p>Klimaframskrivingar tilseier at det vil bli meir nedbør og hyppigare episodar med styrtregn. Følgjeleg vil ein få hyppigare og større flaumar i små vassdrag. Flaumar i mindre vassdrag er som følgje av klima endringar venta å auke med minst 20 % dei neste 50 – 100 år. Klimautviklinga gjev og grunn til auka aktsemd mot flaumskred og sørpeskred.</p> <p>Kommunen må også vurdere faren for kvikkleire eller ustabile massar under marin grænse. Dersom kommunen finn det nødvendig, kan ein sette generelle føresegnar etter pbl. § 11-9 med krav om nærare utgreiing av grunnforholda ved utarbeiding av reguleringsplanar eller søknad om byggjeløyve.</p> <p>Vassdrag Alle vassdrag med årsikker nedbør bør merkast tydeleg i plankartet. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Generelt bør utbygging tett inntil vassdrag unngåast. Kommunen bør vurdere byggjeforbod i eit bestemt belte langs vassdrag. Breidda kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnaden sin karakter. For å gje god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal, blir det rådd til at det blir nytta arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag til å merke alle vatn, elvar og bekkar, inkludert kantsone.</p> <p>Stranda kommune har fleire verna vassdrag innanfor kommunegrensa. RPR for verna vassdrag må leggjast til grunn for planarbeidet knytt til desse vassdraga. Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø, tjern og eit område inntil 100 m breidd på sidene av desse. Det må leggjast opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdien knytt til vassdraget. I planen sin tekst del bør det gå fram korleis dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag skal følgjast opp.</p> <p>Vassdrags- og energianlegg Sentral og regionalnett, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå pbl. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal settast som omsynssoner i plankartet. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl og kan settast av plankartet som teknisk infrastruktur. NVE ber kommunen kontakte Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at det kan takast omsyn til planlagde nye kraftleidningar og oppgraderingar av eksisterande kraftleidningar i området.</p> <p>Vasskraftverk bør settast av som område for «bebyggelse og anlegg». Omsøkt kraftproduksjonsanlegg må syne i plankartet som omsynssone, vindkraftverk, vasskraftverk, dam og røyrgater i dagen. Viktige reguleringsmagasin bør merkast som område som er bandlagt etter vassressurslova, med føremål reguleringsmagasin.</p>	<p>Det blir i føresegnene sett krav om byggjegrænse på minst 20 m frå bekkar og mindre elvar.</p> <p>Fare for kvikkleire blir vurdert, med eventuelle avbøtande tiltak.</p> <p>Vassdrag som ligg inntil utbyggingsformål blir merka i plankartet med bruk og vern av sjø og vassdrag.</p> <p>Blir følgt opp i plandokumenta.</p> <p>Kommunen tek kontakt for å avklare behov for nye kraftleidningar eller oppgradering av eksisterande.</p> <p>Blir følgt opp i plandokumenta.</p>

	<b>Namn</b>	<b>Utdrag merknad</b>	<b>Kommunen si vurdering</b>
06.09.2018	Stranda hamnevesen	<p>Utdrag av merknadar til samfunnsdelen som gjeld arealdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Stranda kommune må ha fokus på samarbeid som eit konkurransefortrinn ved å auke kunnskapen om innovasjonsklynger</li> <li>- Underdimensjonert og manglande infrastruktur, spesielt for reiselivet i kommunen</li> <li>- Det må opparbeidast tilfredsstillande trafikktryggleik og beredskap, spesielt i turistsesongen</li> <li>- Det må arbeidast med rassikring og heilårs vegsamband fv. 63</li> <li>- Reguleringsplanar må avklarast for å leggje til rette for, og skape heilårs arbeidsplassar og næringsutvikling</li> <li>- Tiltak som gjeld klima og miljø må Stranda kommune støtte seg på og samarbeide med statlege styresmakter i arbeidet med å utvikle løysingar for eit godt miljø og eit vekstkraftig lokalsamfunn</li> </ul>	Teke til vitande. Det blir lagt inn ny vegføring til Strynefjellvegen.
06.09.2018	Rådet for funksjonshemma	<p>Merknad til offentlig ettersyn av samfunnsdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Universell utforming må gjennomsyre all planlegging, prosessar og tiltak i framtida, jamfør den demografiske utviklinga i Stranda kommune.</li> </ul>	Det blir sett krav om tilgjengelege bustadar og universell utforming av uteområde og offentlege bygg.
14.09.2018	Geiranger utvikling AS	<p>Utdrag av merknadar til samfunnsdelen som gjeld arealdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Berekraftig heilårsturisme vil medføre regulering i enkelte periodar og ei større satsing på infrastrukturtiltak, samarbeid om sesongutviding g produktutvikling på tvers av bygdelag både innanfor og utanfor kommunen</li> <li>- Problemområde er Ørnesvingen, Flydalsjuvet og Geiranger sentrum. Utgreiing av parkering i fjell, trafikkregulering i pressperiodar er naudsynt</li> <li>- Det er behov for meir næringsareal og nye bustadareal</li> <li>- Riksveg 15 er viktig</li> <li>- Geiranger er kvalifisert til å nytte «Merket for berekraftig reisemål», dette forpliktar til å fortsette å prioriterer berekraftige løysingar</li> <li>- Stranda kommune har fleire arbeidspendlarar til kommunen enn ut. Med auka tilgjengelegheit vil det bli lettare å pendle og det opnar for større bu- og arbeidsregionar</li> </ul>	Teke til vitande. Det er lagt opp til tunnel til rv. 15.
07.08.2018	Direktoratet for mineralforvaltning	<p>Utdrag av merknadar til samfunnsdelen som gjeld arealdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunen bør ta stilling til or framtidige masseuttak bør plasserast for å forsyne området på sikt. Utnytting av mineralske ressursar er eit grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling i kommunen.</li> </ul>	Blir vurdert i planen.

## Merknadar private

Dato	Namn	Utdrag merknad	Kommunen si vurdering
29.04.2017	Jørund Ringset	Ønskje om å leggje ut areal til hytte/fritidseigedom på gnr./bnr. 5/1 - Liabygda	Ikkje tilrådd å leggje inn. Lagt inn etter møte med administrasjonen 21.06.2019
29.04.2017	Velaug Vassbotn	På vegne av Stranda sokneråd er det ønskeleg å endre arealbruken for Bjørkheim, Djupholsplassen, gnr./bnr. 18/5 frå LNF til utbyggingsformål.	Ikkje tilrådd å leggje inn. Arealet er dyrka, dyrkbart og ligg inntil større område med dyrka areal. Ligg inntil kjerneområde landbruk.